

## Árni Magnússons samling av skaldedikt i AM 761 a-b 4to: Ein førebels rapport

Kjartan Ottosson  
(Universitetet i Oslo)

### 1. Innleiing

Handskriftet AM 761 a-b 4to inneheld Árni Magnússons systematiske samling av skaldedikt. Når ein reknar med 15 blad som vart overførte til slutten av 761b etter at Kålund (1889-94) vart skriven, er heile handskriftet på 662 blad. Mange av sidene er likevel blanke, og det står lite på mange av dei. Omkring ein stor del av dei dobbel- og enkeltblada som utgjer samlinga er det breitta folioark med merking av innhaldet.

Kålund (1889-94) har registrert innhaldet i AM 761 a 4to i ti ledd. På slutten (bl. 69-98), står det ei samling strofer frå *Snorra-Edda*, sortert etter diktarar, med anonyme dikt sist. Her som elles i 761a er dei eldste diktarane best representerte, m.a. Ulfr Uggason (69-72), Þjóðólfr (76-79) og Eilífr Goðrúnarson (80-82). Når det gjeld 761b har Kålund stort sett måtta nøye seg med følgjande allmenne skildring: 'Skjaldeviser og -kvad, så vidt muligt efter forfatterne alfabetisk ordnede - med varianter og tekstkritiske rettelser tilføjede af Arne Magnusson'. Seinare forskarar har så vidt eg veit ikkje publisert noka systematisk registrering eller analyse av innhaldet i denne store samlinga. Ein del forskarar har likevel undersøkt mindre aspekt ved dette handskriftet, m.a. Loth (1960), og det er brukt i ein del utgåver i tillegg til *Skjd*. I 1993-98 registrerte eg innhaldet i heile handskriftet AM 761 a-b 4to, og eg arbeider no med ein teksthistorisk analyse av dette materialet. Stutte oppsummeringar av somme av resultatata finst i Ottósson (1996) og Jónsson (1998:85f). Her vil hovudvekta liggje på stamma i samlinga, frå perioden 1687-90, og på bakgrunnen for henne.

Dei viktigaste diktarane i 761b har fått dikta sine samla inne i nesten 60 merkte omslag, men innimellom omslaga står dei mindre diktarane i alfabetisk rekkjefølgje. Denne ordninga er ikkje gjennomført for dei siste seksti blada, som m.a. inneheld anonyme dikt og samlingar av dikt frå einskilde soger. Dei største samlingane i 761b er av Einarr skálaglamm, Eyvindr skaldaspillir, Óttarr svarti, Sturla Þórðarson, Þjóðólfr Arnórsson og aller størst er Sigvatr Þórðarson. Av dei delane av heile samlinga som er yngre enn den nett nemnde stamma fyller avskrifter etter *Snorra-Edda* av vrs som berre er berga der, mest. Yngre er også Árnis svært grannsame avskrifter av *Ynglingatal*, *Hákonarmál* og *Skaldatal* i Kringla.

### 2. Árni Magnússon og tenestetida hans hos Bartholin 1684-90

Árni Magnússon (1663-1730) reiste til København i 1683 for å studere og vart året etter skrivar for den unge professoren Thomas Bartholin (1659-1690), som nett hadde teke til som kongeleg antiqvarius. Det fyrste året i tenesta arbeidde ÁM mest med å ekserpere gamle skrifter til ein slags database om gammaldansk kulturhistorie som enno finst i dei såkalla *Tomi Bartholiniani*, og vart grunnlaget for ei bok om dødsforakta hos dei heidne danene (Jónsson 1998: 37-40). Etter at han tok attestatus-eksamen i teologi heldt han seg på Island frå våren 1685 til hausten 1686, m.a. for å samle handskrift for Bartholin.

Ein del av samlinga i 761 er tydeleg eldre enn hovudstamma, som ein kan sjå av handskrifta, og kan ikkje vera yngre enn 1686. Blada er mindre, i oktav, og mykje tettare skrivne enn resten, m.a. fordi kvart vers ikkje får si eiga line. Dette gjeld dei opphavleg samanhengande blada 761a 6-9 og 761b 559-561, medan einskildbladet 761b 431 står for seg. Den samanhengande delen byrjar med Egils *Höfuðlausn* med overskrifta *Fiartlaðn Eigils Sk: gr: sonar* på bl. 6r-7v. På s. 7v-9r står *Sonar Torrek*. På 761a fol. 9v og 761b 559r-561v har ÁM skrive *Krákumál*, men har seinare streka over den fyrste sida (a9v), og skrive *habeo alibi*. Den ikkje overstreka delen byrjar med strofe 3 på b559 r, og ÁM har skrive øvst i høgre hjørne *priores duo versus contuli*. Når det gjeld valet av desse dikta, så var *Höfuðlausn* og *Krákumál* dei to av dei gamle skaldedikta som vart fyrst utgjevne (1636), og *Sonatorrek* er av Egil, som *Höfuðlausn*. På einskildbladet b431 står det så 4 strofer av *Glælognskviða* av Þórarinn loftunga som står saman i *Den særskilde saga om Olav den heilage*.

Både *Höfuðlausn* og *Sonatorrek* har tekst av Ketilbók-type, men på dette steget er nærare identifisering ikkje gjord. Spørsmålet er om ÁM under Islandsopphaldet kan ha skrive av etter same førelegg som Ketill Jörundarson brukte (ÁM 162 A a fol.) og der den aktuelle delen no er tapt. Jón Helgason (1961, 1969) drøftar ikkje desse avskriftene av Árni. Når det gjeld *Krákumál* er førelegget usikkert, men det må ha vore eit handskrift i slekt med den tapte membranen av *Ragnars saga* eller Jón Erlendssons avskrift i ÁM 6 fol. Teksta i *Glælognskviða* er skriven av etter ÁM 321 4to, som ein kan sjå både av ordlyd og ortografi, men med visse endringar. Som Jón Helgason (1941: 916-921, 898-902) har vist, er 321 i sin tur ei avskrift av ÁM 75 a fol. (Bæjarbók i Borgarfirði).

Etter at ÁM kom attende frå Island hausten 1686 heldt han fram som skrivar for Bartholin, som etter fem års arbeid gav ut boka *Antiquitates Danicarum de causis contemptæ a Danis adhuc gentilibus mortis* i 1689 (jf. Jónsson 1998: 80-83). I føreordet til boka takkar Bartholin Árni Magnússon særleg for hjelpa hans med omsetjing av skaldedikta, som han set høgt som kjelder. Dei mange strofene i boka viser seg å ha nokså liten samanheng med samlinga i 761. Ikkje alle finst med i ÁMs samling, og dei som er sams har ofte ei anna og gjerne dårlegare tekst i boka. Dikta i boka går for det aller meste tilbake på oppskrifter frå 1684-85, før ÁM for alvor gjekk i gang med skaldediktsamlinga si.

Boka *Antiquitates* inneheld eit lovdikt til Bartholin av Árni Magnússon i drottkvætt, med kenningar og alt det som høyrer til eit skaldedikt. Det er mest naturleg å tenkje seg at dette diktet er frå 1688-89, når ÁM hadde brukt mykje tid og krefter på studiet av skaldedikt. Interesse for skaldedikt vart nok ikkje berre nørt ved at han såg verdet deira som kjelder gjennom arbeidet for Bartholin, ho må nok delvis sjåast på bakgrunn av ei viss interesse som låg i tida frå før. Den store danske forskaren Ole Worm kom i kontakt med Magnús Ólafsson i 1626, og denne sende han forklaringar til *Krákumál* og vers i *Orkneyinga saga* og *Soga om Olav den heilage*, m.m. (Helgason 1941: 946f, Faulkes 1993: 104-106). Worm publiserte ein del av desse forklaringane i *Runir seu Danica literatura antiquissima* 1636, saman med teksta til *Krákumál* og *Höfuðlausn*, det siste med forklaringar som vel delvis går tilbake til Björn Jónsson på Skarösa. Denne boka inneheld også avhandlingar om gammal nordisk diktekunst, ikkje minst skaldedikt, av Magnús Ólafsson og Þorlákur Skúlason (Eggertsdóttir 2005: 89-91). Alt frå byrjinga av 1600-talet var det også ein del

islandske diktarar, særleg dei med antikvariske interesser, som dikta i drottkvætt (Halldórsson 1996: 26, 28, 55, Eggertsdóttir 1994: 556), m.a. Jón Bjarnason i Presthólar (1612) og den store salmediktaren Hallgrímur Pétursson (som i tillegg skreiv forklaringar til skaldedikt for Torfæus - Eggertsdóttir 1994: 553f), og ikkje minst Magnús Ólafsson (frå 1609 av), som m.a. dikta ei drápa i drottkvætt til kanslareren Christian Friis (Faulkes 1970-73). *Frissdrápa* vart ikkje publisert, men det er sannsynleg at ÁM kjende til både drápa og Magnús Ólafssons forklaringar gjennom Ole Worms son Willum, Peder Resen og andre. Det ville vera interessant å jамføre ÁMs dikt både med dei norrøne dikta han kjende til og desse nyare freistnadene.

### 3. Den rekonstruerte hovudstamma i 761

Ein del av 761 har i tillegg til Kålunds bladnummer ei eldre sidenummerering ved Árni Magnússon, som delvis er overstreka. Rekkjefølgja av blada vart radikalt endra ved den omorganiseringa som bruken av merkte folioomslag var ein del av. Ein liten del av denne teksta er skriven av andre enn ÁM, men elles har ho visse sams drag når det gjeld paleografi og rettskriving, som peikar mot åra 1687-89 (Már Jónsson munnleg, 1998: 85f, Karlsson 2000: 345) På grunnlag av den gamle sidenummereringa kan ein rekonstruere innhald og skipnad i ein stor del av denne grunnstamma i samlinga. Hovudinnhaldet er lista opp her under, med opphavlege sidetal halvfeite og dei nye i skarpe klammer, og den moderne identifiseringa av dikta etter *Skjd.* Opplysningane om førelegg byggjer i hovudsak på variantapparatet i *Skjd.*, med di førelegg nesten aldri blir gjeve opp i handskriftet. Det har ikkje alltid vore mogleg å bestemme førelegg på denne måten, delvis fordi *Skjd.* ikkje alltid har registrert alle relevante variantar (der utgåver som *Den store saga om Olav den hellige* stundom er til hjelp). Ofte viser det seg at teksta ikkje stemmer heilt med noko bevart handskrift. Her er det visse grunnleggjande problem som eg kjem attende til.

#### (1) Hovudinnhaldet i stamma i Árni Magnússons samling av skaldedikt (1687-90)

- 15 [b326r] *Sigvatr Þórðarson: Bersöglisvísur* (o. 1038) 16-18, etter Flateyjarbók (strofer som ikkje finst i 66).
- 84, 86 [a19v, 20v] *Þorbjörn hornklofi: Glymdrápa* 1-2 etter Jöfraskinna, og 3-5 etter Fagurskinna A, med '74-handa', delvis med var.
- 85, 87 [a20r, 21r] *Þorbjörn hornklofi: Glymdrápa* 6-8 vel etter Jöfraskinna, med var., 9 etter Flateyjarbók (finst berre der). Árni Magnússon skreiv på baksider som '74-handa' hadde late stå blanke.
- 88, 90 [a21v, 22v] *Þorbjörn hornklofi: Haraldskvæði* 7-11, etter Kringla, med var., skrive av '74-handa'. Árni Magnússon skreiv her fyrst av dette var av 'Þiodolf Hvinverski'.
- 89 [a22r] *Eit dikt om Harald hárfager* 1-3, her tillagt Þorbjörn hornklofi, etter Flateyjarbók.
- 91 [a23r] *Þorbjörn hornklofi: Haraldskvæði* 13-14, etter Flateyjarbók, 14 med variantar, her tillagt Þjóðolfr.
- 92, 94, 96, 98, 100, 102, 104, 106, 108 [a23v, b53-60 versosidene] *Einarr skálaglamm: Vellekla* (o. 986) 7-11, 13-17, 22-32, 37 og (overstreka) 18, derav 7-8,

- 16-17, 22-32 og 37 i det minste delvis etter Kringla, 13 og 18 etter Fagurskinna A, elles uklårt førelegg, skrive av '74-handa', delvis med variantar frå 61.
- 93, 97, 99, 101 [b53r, 55-57 rectosidene] *Þórarinn loftunga: Glælognskviða*, mest etter Thomasskinna, med variantar frå 61 o.fl., alt overstreka.
- 109-112 [b462r-463v] *Þórkell Gíslason* (12. hundreår): *Búadrápa* etter 61, delvis med var.
- 115-116 [b347r-v] *Snjólfur* (1300-talet): *Vísur*, etter Flateyjarbók. Overskrift: 'Sniolfus quidam de conflictu Grundensi. Ex Annalibus Flateyensibus col. 898.'
- 127-130 [b91r-92v] *Eyvindr Finnsson skaldaspillir: Háleygjatal* (o. 985) 3-4, 6-7, 9-14, truleg etter Kringla, men 9-10 truleg etter Jöfraskinna, alt med var.
- 132 [b500r] *Bjarkamál en fornu* 1-2, etter 61, m. var.
- 133-137 [b447r-449r] *Þórdr Kolbeinsson: Eiríksdrápa* 1-8, 11, med *Belgskakadrápa* 2-3 av same skote inn etter strofe 4, nærast 61, med variantar.
- 141-142 [b467r-v] *Þórkell hamarskald: Magnúsdrápa* [berfötts] (o. 1104) m. *Lausav.* 2, etter 66, for det meste med variantar.
- 143-144 [b455r-v] *Þórdr Særeksson: Þórolofs drápa Skolmssonar* 1, 3-4, etter 61, med variantar.
- 145-146 [b151r-v] 'Anon. XIV': 'Af et digt om Olaf Tryggvason' 5-7, etter 61. Árni Magnússon tillegg dette Hallar-Steinn:
- Jn Margine Historiæ Olai Tryggonii in Biblioth: Th. Bartholini. agit de Thorchillo Dyrdillo Videntur hæc carmina pertinere ad Hallarstenonis Carmen de Olao Trygg: vide inferius pag: 179.
- 151-152 [b366r-v] *Stúfr enn blindi: Stúfsdrápa* (o. 1067) 1-2, 4-6, 8, med *Steinn Herðisarson: Nizarvísur* 3-4 etter strofe 6, alt helst etter 66. AM skriv i margen om *Nizarvísur*: 'Steinn Herðisarson sec(undum) Snorr(e)'.
- 155-157 [b308r-309r] *Sigvatr Þórðarson: Vestrfararvísur* 6-7, *Lausav.* 16-20, m.m., alt utanom Lv. 20 (ukjent førelegg) etter 61, alt utanom Lv. 17 m. variantar.
- 163-164 [b70r-v] *Eyjolfur dáðaskald: Bandadrápa* 4-8, etter 61, men 7-8 etter Jöfraskinna, m. var.
- 167 [b393r] *Tindr Hallkelsson: Drápa om Hakon jarl* 1, 3.5-8, 4, etter 61, m. var.
- 169-170 [b171r-v] *Hallfrøðr vandræðaskald: Óláfsdrápa* (996) 2, 4-8, 9.1-4, det meste eller alt etter 61, med var.
- 175-182, 189 [b152r-156r] *Hallar-Steinn: Reksteffa* 4, 5.5-8, 6, 9, 12-14, 25-31, 15 etter 61, så *Reksteffa* 18-19, 20.1-4, 16.5-8, 16.1-4, 20.5-8, 21 etter uvisse førelegg, dei fyrste liknar mest på 54 og Bergsbók, dei siste på 53, til slutt *Reksteffa* 22 og 23.1-4 etter 61. Fyrst kjem likevel *Hallfrøðr: Óláfsdrápa* (996) 1 etter Frisianus og etter *Reksteffa* 20.1-4 *Hallfrøðr: Óláfsdrápa* (1001) 7.
- 191-192 [b259r-v] *Óláfr hvitaskald: Hrynhent dikt om striden mellom kong Hákon og hertug Skule* 1-2, 4-7, 8.1-2, etter Flat., m. var.
- 194, 196-198 [b74v, 75v-76v] *Eyvindr skaldaspillir: Lausavísur* 1-2, 5-11, for det meste etter 61, med var.
- 203-206 [b534r-535v] Ymse vers om kristninga át Þorvaldr og Þangbrandr, kan alt vera etter 61, delvis med var.
- 215-225 [b300r-305r] *Sigvatr Þórðarson: Lausavísur* 1-4, 6, *Austrfararvísur* av same 9-12, så *Sigvats Lausavísur* 7-8, til slutt *Austrfararvísur* 1-8, 13-21, alt kan komma frá 61, det meste med var.

- 227-230 [b160r-161r] *Halldórr ókristni: Eiríksflokk* (o. 1010) etter 61, strofe 4 likevel etter Fagurskinna A, 3 etter ukjent førelegg (begge disse vantar i 61), og strofe 7 etter Jöfraskinna.
- 231-238 [b172r-175v] *Hallfrøðr vandræðaskald: Óláfsdrápa* (1001) 1-6, 8-16, 18, 20-24, 27-28, etter 61, men 5-6, 8-9 etter 54, 13 etter Jöfraskinna, 15 etter ukjent førelegg, alt med sporadiske variantar.
- 243-244 [b328r-v] *Sigvatr Þórðarson: Flokk* om Erlingr Skjalgsson 1-6.6, mest etter 61, med var.
- 247-248 [b8r-v] *Bersi Skáldtorfuson: 'En flok om kong Olaf'* (o. 1020), etter 61, med var.
- 249-253 [270r-272r] *Óttarr svarti: Höfuðlausn* (o. 1023) 3-7.1-4, 8-19, etter 61 (delvis unøyaktig), 19 likevel etter Flateyjarbók, som opplyst i marginen, nesten alle strofer med var.
- 255-256 [b12-13], *Bjarni Halbjarnarson Gullbráskáld: Kalfsflokk*, etter 61(?), m. var.
- 263-268 [b289r-291v] *Sigvatr Þórðarson: Völingarvisur*, m.m., etter 61, med var.
- 268-271 [b291v-293r] *Sigvatr Þórðarson: Nesjavísur*, etter 61, med var.
- 272-279 [b293v-297r] *Sigvatr Þórðarson: Erfidrápa Óláfs helga* 3-17, 19-25, m.m., mest etter eller nærast 61, strofe 3 likevel nærast Kringla, alt m. var.
- 279-280 [b297r-v] *Sigvatr Þórðarson: Eit dikt om dronning Astrid* (o. 1036), etter Kringla og Jöfraskinna, m. var.
- 281-282 [b311r-v] *Sigvatr Þórðarson: Lausavísur* 23, 26-27, 30-32, mest etter Jöfraskinna, alle med var. Dette er dei av hans lausavísur som berre er berga i Heimskringla-handskrift.
- 283-304 [b537r-546v] *Lausavísur* (for det aller meste), av kongar og skaldar frá Harald hardråde til Sigurd slembedjákn, mest av Þjóðólfr Arnórsson, Harald hardråde, Magnus gode, Sneglu-Halli, Magnus berrfött, Einarr Skúlason og Sigurd jorsalafar, og mange anonyme. Det aller meste etter eller nær 66, eit par strofer heller etter Morkinskinna, nesten alle med var. Fire strofer frá *Sneglu-Halla þátt* som berre finst i Flateyjarbók er lagde til s. 304.
- 305-310 [b117r-119v] Vers frá *Gisla saga Súrssonar*, etter membrana regia deperdita, sjá Loth (1960).
- 311-314 [b332r-333v] *Sigvatr Þórðarson: Knútsdrápa* 2-4, 6-9, etter 61, med var.
- 315-324 [b421r-424bisv] *Þjóðólfr Arnórsson: Sexsteffa* (o. 1065) 1-10, 11.3-4, 12-14, 16-24, 26 - men med *Lausavísur* 9, 18-25 innsprengde, etter 66 utanom strofe 1, alt med var.
- 327-328 [b547r-v] Vers frá *Fóstbróðra saga* knytte til slaget på Stiklestad, etter 61, med var.
- 331-332 [b428r-v] *Þórarinn loftunga: Tøgdrápa* (1028) 2-7 (om Knut den rike), etter 61?, med var.
- 335-338 [b324r-325v] *Sigvatr Þórðarson: Bersöglisvísur* 2-8, 10-14, etter 66, med var.
- 350-358 [b414v-418v] *Þjóðólfr Arnórsson: Magnúsflokk* (o. 1045) 2-11, 14-25, alt etter 66 utanom 2-4 etter Jöfraskinna og lagde til seinare saman med 25, alt m. var.
- 363-366 [b28-29] *Bólverkr Arnórsson: Drápe om Harald hardråde* etter 66, m. var.
- 369-371 [399r-400r] *Valgarðr á Velli: Eit dikt om Harald hardråde* 5-11, etter 66, m. var.

- 373-374** [476r-v] *Halli stírdi: Flokkur* (1064) med overskrifta 'Anonymus i einum flokki um ferþ k(onung)anna (Harallz Sigurdars. oc Sveins Ulfssonar.)', etter 66, med var., utanom 5.5-8 som vantar der, lagt til seinare etter Kringla.
- 377-380** [477r-478r] *Þórleikr fagri: Ein flokk om Svein Ulfsson* 2-9, etter 66 med var., men 4-5 (som ikkje finst i 66) etter Fagurskinna B.
- 383-390** [357r-360r] *Steinn Herdisarson: Nizarvisur* (1062) 1-2, 5 etter 66, med var., *Óláfsdrápa* (o. 1070) 2-17, etter 66 utanom 8 (som ikkje finst der) og 11 etter Morkinskinna, alle utanom 7 og 8 med var.
- 401-407** [b111r-114r] *Gísl Illugason: Erfikvæði um Magnús berfótt* (o. 1104) etter 66, delvis med var.
- 409-410** (truleg -411) [b438r-439r (høgre halvdel skoren bort av 439)] *Þórarinn stutfeldr: Stutfeldardrápa* (o. 1120) etter 66, *Halldórr skvaldri: Útfararkviða* følgjer strofe 4, etter Hrokkinskinna heller enn 66, alt med var.
- 413-414** [b166r-v] *Halldórr skvaldri: Útfarardrápa* (o. 1120) 6-10 og *Haraldsdrápa* (o. 1137) 1, 3, etter 66, med var.
- 423-424** [b442r-v] *Þorbjörn skakkaskáld: Erlingsdrápa* etter 66, med var.
- 429** [b25r] *Böðvarr balti: Sigurðardrápa* (o. 1150) 1-3, etter Morkinskinna.
- 431-436** [b120r-122v] Vers frá *Gísla saga Súrssonar*, etter membrana regia deperdita, sjá Loth (1960).
- 441-455** [b505r-512r] 'Visur ur Nialssögu. ecki miðg riettar.' Dei fleste strofene er merkte 'ex charta', men resten 'ex membrana'. Dei frá pergamenthandskrift, nemleg 'Þorkell elfaraskáld', dei strofene som Finnur Jónsson daterer til 12. hundreåret (*Skjld. A I* 604-607), nr. 1-5 og 7-10, og 'Drömme- og varselsvers' frá 1000-talet nr. 12 (*Ek rið hesti*), er alle etter Gráskinna (GkS 2870 4to) eller ligg nærast den teksta.
- 456-468** [b370v-376v] *Sturla Þórðarson: Hákonarkviða* (1263-64) etter Flateyjarbók, for det meste med var..
- 471-477** [b377r-380r] *Sturla Þórðarson: Hrynhenda* (1262) 2-21 etter Flateyjarbók
- 478-480** [b484v-486v] Vers frá *Fóstbræðra saga*, etter membrana regia deperdita (Loth 1960).
- 482** [b77r] *Eyvindr skaldaspillir: Lausavisur* 12-14, etter Kringla.
- 483-485** [b381r-382r] *Óláfr Þórðarson hvítaskáld: Eit hrynhent dikt* (1240 - om striden mellom kong Hákon og hertug Skule), framhald frá s. 192 (som det står skrive): strofene 8.3-8 til 12, med Ólafrs *Lausavisur* 2 (med merknaden 'ur öðru qvæði') skote inn etter 8, og til slutt *Sturla Þórðarson: Hrynhenda* 1, alt etter eller nær Flateyjarbók, alt utanom *Lv.* med var.
- 486-490** [b383v-385v] *Sturla Þórðarson: Hákonarflokkur* (1263-64), med *Ei drápe om Magnus lagabøte* av same etter strofe 9, alt etter Flateyjarbók, med var.
- 491-492** [b352r-v] *Snorri Sturluson: Háttatal* (1222-23) 63-64, 66, etter Flateyjarbók, med var.
- 493, 495-500** [b386r, 387r-389v] *Sturla Þórðarson: Hrafnsmál* (1263-64) etter Flat.
- 518-523** [b39v-42r] *Egill Skallagrímsson: Höfuðlausn*, delvis med variantar. Ifølgje Jón Helgason (1969:165) er Arnes hovudkjelde AM 128 fol., med tekst frá Wolfenbüttelhandskriftet (Jón Helgason 1956:128f), men han skal også ha brukt AM 145 fol., med tekst frá Björn Jónsson på Skarðsá bygd på både Wolfenbüttelhandskriftet og eit tapt handskrift i slekt med AM 162 A ε fol.

525[-526] [b147r-v] *Góðþormr sindri: Hákonardrápa* 1-5, 7-8, truleg etter Jöfraskinna, skrive av Ásgeir Jónsson, m. var.

527[-528] [b128r-v] *Glúmr Geirason: Kvad om Eirik blodøks* 2, *Gráfeldardrápa* 2-3, 13, etter Jöfraskinna, skrive av Ásgeir Jónsson, med variantar frá Kringla og 61 ved Árni Magnússon: Sá med Árnis hand *Gráfeldardrápa* 5 og 2 første liner av 7, som 'þ2-handa' avsluttar på b129r-v med og går så vidare med 9 og 11, alle desse 4 siste etter Kringla, med variantar.

Ein kan sjå at Árni Magnússon fyrst har skrive strofene på lause blad, og seinare ordna samlinga og skrive sidenummer på. Han har ikkje alltid lykkast heilt i å samle det som hørde saman på ein stad, og då har han skrive mellomtilvisingar (sjå t.d. Loth 1960:XXf). Mange stader har ÁM, truleg i samanheng med denne organiseringsprosessen, flytt einskilde vers ved å skrive dei nøyaktig av der han var kommen fram til dei hørde heime og streka over dei på den gamle staden. Det høgaste sidenummeret er 547, men om lag 200 sider er ikkje bevarte, særleg i byrjinga og i nokon grad mot slutten, elles vantar det ofte eitt eller to blad innimellom. Ein kan sjå tillaup til kronologisk ordning av dikta, men med mange slåande unntak. Den identifiseringa av diktarar og dikt som ligg til grunn for den opphavlege plasseringa, følgjer mest 61 og 66, men merknader og flytting av strofer viser at ÁM revurderte identifiseringa frå eit tidleg steg av.

Som nemnt kan det vera vanskeleg å bestemme førelegga i stamma. Ein ting er at det ikkje alltid vart teke sikte på å følgje eitt førelegg nøye ved avskrivninga. ÁM brukte sikkert ofte avskrifter frå Ásgeir Jónsson, som er kjend for å blande tekst frå fleire handskrift, særleg for å prøve å gjera skaldedikta meir forståelege (t.d. Loth 1960: XV). Ein kan ikkje sjå bort frå at den unge Árni Magnússon også kunne gå fram på ein liknande måte, og ein ser gjennomgåande døme på at han på dette steget gjorde mindre endringar for å få versemålet, særleg innrimet, rett. Visse drag i rettskrivinga endra ÁM systematisk, særleg *ð* til *þ*. Ein ting som kan gjera det vanskeleg å finne førelegg er at ein del av dei handskrifta som ÁM átte eller hadde tilgjenge til ikkje lenger er bevarte. Dette gjeld i særleg grad papiravskrifter, fordi ein veit at mange av desse brann i 1728. Meir allment lyt eg leggje til at når den førebels identifiseringa av førelegg her er bygd på *Skjd.*, trengst det ein del meir jamføring med slike avskrifter som ÁM hadde tilgjenge til på denne tida der førelegget er bevart og som av den grunn ikkje vart tekne med i *Skjd.* Ei nytte av å ha identifisert førelegg er at det kan gje opplysning om kvar og når avskrivninga skjedde, dvs når ein kan tilstrekkeleg kjennskap til historia til førelegget. Når det gjeld nett denne samlinga lyt ein vera særleg varsam på det punktet, fordi det er klårt at den fyrste avskrifta som vart innlemma i henne ofte er avskriven minst ein gong og sidan kassert. Såleis kan t.d. mange avskrifter utførte av Ásgeir Jónsson på Karmøy for ÁM vera borte. Ein skal også vera varsam med å slutte noko om kvaliteten på avskrifta av det av ho er utført av ÁM, også fordi den som skreiv av membranen kan ha vore ein som ikkje var like flink til å lesa som ÁM.

Det er lett å sjå at ryggraden i samlinga er strofer frå to store kongesogehandskrift frå c. 1350-75, AM 61 fol. og AM 66 fol. ÁM har gått gjennom desse handskrifta og skrive av dei fleste skaldestrofene der, og ordna dei etter diktarar, delvis etter hendingar dei er knytte til. AM 61 fol. inneheld dei store sogene om Olav

Tryggvason og Olav den heilage og kom i Bartholins eige i 1687. Det andre handskriftet, *Hulda*, AM 66 fol., inneheld ein kompilasjon som byggjer på *Morkinskinna* og siste tredel av *Heimskringla* og såleis dekkjer perioden 1030-1177. Dette handskriftet kjøpte Árni sjølv i 1687. Tidspunktet når AM fekk tilgjenge til desse to handskrifta er ein *terminus post quem* for stamma som stemmer godt med datering på paleografisk og ortografisk grunnlag. Til stoffet frå 61 og 66 har så AM lagt strofer knytte til dei same kongane frå andre handskrift, frå Flateyjarbók, Fagurskinna A, Morkinskinna, og Heimskringlahandskrifta Kringla og Jöfraskinna, meir sporadisk frå t.d. Codex Frisianus og Thomasskinna. I tillegg finst det nokre dikt og strofer knytte til seinare kongar, fyrst og fremst Óláfr Þórðarsons '*Et hrynhent dikt*' om Hákon den gamle og Skule jarl, og *Hákonarkviða* av Sturla Þórðarson, begge etter Flateyjarbók. Stamma inneheld også mange strofer frå den såkalla *Membrana regia deperdita*, frå *Gisla saga*, *Fóstbróðra saga* og *Hrafn's saga Sveinbjarnarsonar*. Det er også ei samling dikt frå *Njáls saga*, *Egils saga* og *Orkneyinga saga*.

Som vi veit i dag er den teksta av skaldedikta som vi finn i dei etter måten unge handskrifta 61 og 66 dårlegare enn det vi finn i handskrift frå omkring 1300 eller særleg 1200-talshandskrift som Kringla og Morkinskinna. Teksta må likevel ha vore klårt betre enn den AM hadde sett i mange unge papiravskrifter. Hans val av førelegg var i høg grad styrt av praktiske omsyn, og ikkje berre det at AM hadde 61 og 66 lett tilgjengelege. Ein lyt nemleg også hugse på at på denne tida låg dei fleste av dei eldste og beste handskrifta av kongesogene hos Torfæus på Stangeland på Karmøy. Torfæus (Þormóður Torfason, 1636-1719) vart i 1682 'Historieskriver for Kongeriget Norge' og fekk då utlånt alle dei viktigaste handskrifta til det føremålet frå Kongelig Bibliotek og Universitetsbiblioteket. Såleis hadde han til låns frå Kongelig Bibliotek heilt til 1704 handskrift som Flateyjarbók, Thomasskinna og den såkalla 'membrana regia deperdita' med islendingesoger. Handskrifta frå Universitetsbiblioteket, m.a. Kringla, Jöfraskinna, Gullinskinna og Fagurskinna A, hadde han endå lenger. Alt frå 1664 hadde Torfæus hatt Hrokkinskinna og Morkinskinna til låns. Torfæus og Árni tok opp samarbeid i 1688, og frå same år vart Árnis venn Ásgeir Jónsson skriver for Torfæus. Ein kan rekne med at Ásgeir skreiv noko av for Árni frå handskrifta på Karmøy og sende ned til København.

Til dei fleste av strofene i stamma har AM samla variantar, ofte frå fleire enn eitt handskrift til kvar strofe. Ikkje heller her bryr han seg om å opplyse kvar han har variantane ifrå, han berre strekar under ord og set så variantar til det ordet i margin. Dette store arbeidet må AM for det aller meste ha utført medan han var på gjesting hos Torfæus i perioden oktober - desember 1689, der dei aktuelle pergamenthandskrifta låg. Under same besøk har AM også skrive av ein del dikt frå desse handskrifta som han ikkje hadde frå før. Dette får delvis støtte av direkte utsegner i brevvekslinga hans med Torfæus (*Arne Magnusson Brevveking* 1916: 19), og delvis av den noko yngre svipen på skrifta. I visse tilfelle kan ein likevel tenkje seg at AM hadde alt skrive av etter avskrifter som Ásgeir Jónsson sende han før han reiste. Ein kan også rekne med at AM tok seg tid då han kom heim att til å ordne dei oppskriftene han hadde teke under eit visst tidspress på Karmøy, men det meste av det arbeidet var nok gjort då Bartholin døydde hausten 1690.



#### 4. Avskrifter med andre hender i stamma og omkring henne

I stamma til 761 finst det to skrivarar i tillegg til Árni Magnússon. Den eine er Ásgeir Jónsson, men den andre (her kalla '74-handa') har eg ikkje kunna identifisere så langt, trass i ein del freistnader. I tillegg har ein eller to skrivarar skrive ein del på ark utan Árnis gamle sidenummerering, men Árni har teke variantar til mykje av dette frå handskrift som låg hos Torfæus på Karmøy på denne tida. Også andre ting tyder på at desse skrivarane er knytte til det innsamlingsarbeidet ein ser i stamma.

Ásgeir Jónsson har skrive av etter Jöfraskinna både *Hákonardrápa* av Gopporr sindri på s. 525[-526] og Glúmr Geirason's *Gráfeldardrápa* m.m. på s. 527[-528]. Ved *Hákonardrápa* har Árni skrive 'non satis accuratum, ut mihi nunc videtur', og noko liknade har han skrive ved ei overstreka strofe med Ásgeirs hand like ovanfor *Gráfeldardrápa*.

Ei anna hand som berre finst på sider med gammal nummerering i 761 har skrive av Þorbjörn hornklofis *Glymdrápa* og *Haraldskvæði* og Einarr skálaglamms *Vellekla*, med tekst frá Jöfraskinna, Fagurskinna A og Kringla. Dette er alt handskrift som låg hos Torfæus på denne tida, noko som kunne tala for at det dreiar seg om Ásgeir Jónsson. Endå denne handa liknar noko på den til Ásgeir Jónsson, har ho så mange ulikskapar med det ein kjenner av han, at eg har vandt for å tru at ho kan vera hans. Denne handa finst i AM 74 fol., som er avskrift av AM 77 a fol. (Jón Helgason 1941: 1056), den opphavlege delen (1-175v), som i sin tur er Ásgeir Jónssons avskrift av AM 68 fol. Denne skrivaren har berre skrive på den eine sida av einskilblad der Árni så har skrive på den andre sida.

To skrifttypar i 761 merkjer seg ut ved ein tverrstrek nedst på magen av þ. Ved fyrste syn er dei svært ulike, i og med at den eine, som eg her kallar þ1-handa, heller litt til høgre og gjev eit meir uøvd inntrykk, medan den andre (þ2-handa) står rett på lina og gjev eit elegant og nesten prenta inntrykk. Ei samanlikning av dei ymse bokstavane i desse to typane viser at dei er stort sett like. Ein kunne kanskje tenkje seg at skrátypen tilhøyrrer ein ung skrivar som seinare har fått eit betre grep på skrivinga. Begge desse skrifttypane førekjem mange stader i 761, men aldri på sider med eldre nummerering. Svært ofte har Árni Magnússon likevel ført inn variantar i desse avskriftene. Førelegga er mykje dei same for begge typane, såvel 61 og 66 i København som Jöfraskinna og Thomasskinna på Karmøy, og Flateyjarbók, som også var der bortsett frá hausten 1688 når ho var i København (Jónsson 1998: 74f). I tillegg finn ein hos þ1 strofer frá Njála i to handskrift i København: Gráskinna og Möðruvallabók, og hos þ2 tekst frá Kringla, Fagurskinna A og Morkinskinna, som låg hos Torfæus. Denne skrivaren eller skrivarane må ha arbeidd i København, med di ein neppe kan tenkje seg at avskrifter av 61 og 66 vart sende til Karmøy til vidare avskrivning. Ved strofer frá *Orkneyinga saga* med þ2-handa på 280r-287v har ÁM skrive at førelegget var med hans eiga hand. Andre stader kan ein sjå at ÁM har brukt denne skrivaren til å få ei praktutgåve av tekst som han hadde sjølv skrive av i stamma og som han seinare streka over. På s. 248 [b8v] har ÁM retta overskrifta til ei strofe av Óttar svartí før þ2 skreiv av på b268r. På s. 290-293 i stamma har ÁM skrive av ein serie strofer omkring Þórgils fiskimaðr og fylgjande tre strofer i Hulda, og þ2-handa så kopiert til b532r-533r. Sidan har ÁM kasta bladet i midten og streka over byrjinga og slutten, som stod på blad med anna stoff. ÁM har ført inn variantar på

nøyaktig same måte både i si eiga avskrift og den til þ2. ÁM har kanskje late þ2 skrive av denne serien før han dro til Karmøy, og så etterpå kopiert variantane som han samla der, inn i þ2-avskrifta, men det er også mogleg at han ikkje bestemte seg for å ta med variantane i praktversjonen før den avskrifta var ferdig. I visse tilfelle er det mest naturleg å rekne med at þ2 har skrive av etter ei avskrift som ÁM tok på Karmøy hausten 1689, som i byrjinga av *Hrafnadrápa* av Guðmundr Svertingsson etter 'deperdita' på b141r-v. Nøyaktig avskrivning av ÁMs tekst ved þ2 og innføring av variantar ved ÁM ser ein også i overstreka strofer på 349 [b414r] og 284-5 [b537v-538r], kopierte til b245r-v og b247r. Alt i alt er det nokså sikkert at denne skrivaren har skrive for ÁM i det minste til 1690. Hos þ1 ser ein mindre av kopiering av det nett drøfta slaget, men eg har funne følgjande tilfelle, der ÁMs førelegg var i København (61 eller 66). Jökull, *Lausavísur* 1-2 er på b216r skrivne av etter [b536r], der det opphavlege sidetalet er skore bort. Haraldr Sigurðarson, *Lausavísur* 3-4 og ei strofe til er på b192r-v skrivne av etter s. 158 [b309v], og her ser det ut til at variantane er reinskrivne i avskrifta.

### Bibliografi

- Arne Magnusson - *Brevveking med Torfæus (Þormóður Torfason)*. Utg. Kr. Kålund. København & Kristiania 1916.
- Eggertsdóttir, Margrét. 1994. 'Fornt skáldamál í nýjum búningi'. I: *Sagnaþing helgað Jónasi Kristjánssyni sjötugum ...* Reykjavík. 553-564.
- Eggertsdóttir, Margrét. 1999. 'Nyere strømninger og gammel tradition i islandsk barokkdigtning'. I: *Om barocken i Norden*, utg. Kristina Malmö. Helsingfors. 81-105.
- Eggertsdóttir, Margrét. 2005. *Barokkneistarinn. List og lærðómur í verkum Hallgríms Péturssonar*. Reykjavík.
- Faulkes, Anthony. 1970-73. 'Magnús Ólafsson's Fríssdrápa'. *Saga-Book* 18, 167-194.
- Faulkes, Anthony (ed.). 1993. *Magnúsarkver*. Reykjavík.
- Halldórsson, Óskar. 1996. *Bókmenntir á lærðómsöld 1550-1750*. Reykjavík.
- Helgason, Jón (utg.). 1941. Sjá *Den store saga om Olav den hellige*.
- Helgason, Jón. 1956. 'Athuganir um nokkur handrit Egils sögu'. I: *Nordæla - afmæliskevðja til ... Sigurðar Nordals ...* Reykjavík. 110-148.
- Helgason, Jón (utg.). 1961. *Skjaldevers*. København.
- Helgason, Jón. 1969. 'Höfuðlausnarhjal'. I: *Einarsbók, afmæliskevðja til Einars Ó. Sveinssonar*. Reykjavík. 156-176.
- [Jónsson, Finnur.] 1930. *Arne Magnussons levned og skrifter* 1-2. København.
- Jónsson, Már. 1998. *Arni Magnússon. Ævisaga*. Reykjavík.
- Karlsson, Stefán. 2000. 'Um Vatnshyrnu'. I: *Stafkrókar*, Stofnun Árna Magnússonar á Íslandi - Rit 49. Reykjavík. 336-359.
- [Kålund, Kr.]. 1889-94. *Katalog over den arnamagnæanske håndskriftsamling* 1-2. København.
- Loth, Agnethe (utg.). 1960. *Membrana regia deperdita*. Editiones Arnamagnæanæ A 5. København.
- Ottósson, Kjartan G. 1996. 'Ritvél Árna Magnússonar'. I: *Höskollu gefið*. Höskuldur Þráinsson fimmtugur. Reykjavík. 47-49.
- Skjd.* = *Den norsk-islandske Skjaldedigtning*. Utg. Finnur Jónsson. A 1-2. København 1912-15.
- Den store saga om Olav den hellige*. Utg. Oscar Albert Johnsen & Jón Helgason. Oslo 1941.